



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Teams

Dato: 25.04.2025

Tidspunkt: 10:00 - 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn

Tor Arne Hauge

Trygve Snøtun

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Stine Fjellkårstad

Mariel Eikeset Koren

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 11/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 12/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 13/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Store Supphellebreen - Uthenting av breis - Liseter/Supphellen		2020/2988
ST 14/25	Orienterings- drøftings- og referatsaker		

Orienteringssaker

1. Ekstra tildeling av tiltaksmidler etter raset i Kjenndalen
2. Revisjon av verneforskrifter som treng oppdatering
3. Opning av utsiktspunkt ved Bøyabreen
4. Neste møte

ST 11/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 25.04.2025

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.
Samrøystes vedteke.

ST 12/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 25.04.2025

Handsaming i møte

Mariel Eikeset Koren vart føreslege til å signere protokoll saman med møteleiar.

Vedtak

Mariel Eikeset Koren vart vald til å signere protokoll i lag med møteleiar. Samrøystes vedteke.

ST 13/25 Jostedalsbreen nasjonalpark - Store Supphellebreen - Uthenting av breis - Liseter/Supphellen

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 25.04.2025

Handsaming i møte

Gjennomgang av saka frå forvaltar.
Samrøystes vedteke i tråd med med innstillinga.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48, fyrste ledd, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette grunneigarane på gardsnummer 158 bruk nummer 1 og 2 i Sogndal kommune, løyve til å hente ut breis til bruk ved formidling ved Norsk bremuseum og til kjøling av kjøt og andre matvarer på garden og ved tilstellingar på grendahuset i bygda. Med same heimel vert det gjeve løyve til motorisert ferdsel fram til den regenererte breen mellom Trollabyrgje og Buldrehamrane ved Store Supphellebreen, for å hente ut is.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

- 1.Løyvet har ei ramme på maksimalt seks turar årleg innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
- 2.Det skal maksimalt hentast ut 4 m³ is pr tur.
- 3.Løyvet gjeld frå 27.mars 2025 og i fire år fram til 27.mars 2029.
- 4.Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området
- 5.Motoriserte ferdsle skal berre skje langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
- 6.Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
- 7.Løyvet til motorferdel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
- 8.Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 15. oktober kvart år.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter anna lovverk frå Sogndal kommune.

ST 14/25 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 25.04.2025

Handsaming i møte

Forvaltarane orienterte og diskuterte sakene under med nasjonalparkstyret, som tok det til vitande:

1. Ekstra tildeling av tiltaksmidler etter raset i Kjenndalen.
2. Revisjon av verneforskrifter som treng oppdatering.
3. Opning av utsiktspunkt ved Bøyabreen.
4. Neste møte.

Vedtak